

## GODE DELTAKAR PÅ FOTEFAR SINE TURAR TIL ST. PETERSBURG OG MOSKVA 2018

Du skal snart på reise til spennande St. Petersburg og Moskva med Fotefar temareiser. I samband med dette treng du å søkje om visum til Russland. I den siste tida har den russiske ambassaden gjort det noko vanskelegare å søkje om visum for enkeltpersonar, med blant anna personleg oppmøte i ambassaden. Det er også kun nokre få firma, som må vere godkjende av russiske myndigheiter, som kan søkje om visum på vegne av grupper, og slik unngå personleg oppmøte. Vi er ikkje spesialistar på russiske visum eller russisk godkjend visumoperatør. Vi har difor valgt å knytte til oss eit anerkjent selskap, Visumservice AS, som den som handterer våre visumsøknader. Vedlagt vil du finne informasjon frå Visumservice om korleis du skal gå fram for å søkje visum via dei. Kostnaden ved dette er kr 1.545, det inkluderer all søknadshandsaming, manuell utfylling av søknadsskjema, invitasjon til Russland og rekommandert retur frå Visumservice til deg (du må krysse av for dette nedst i brevet frå Visumservice).

Dersom du likevel ynskjer å søkje på eiga hand og stille til intervju i den russiske ambassaden i Oslo, ta kontakt med oss så får du ein invitasjon frå agenten vår i Russland som du må ha før du søker om visum.

De må rekne med at det tek 10-14 dagar frå de sender passet til de får att passet, avhengig av kva type retur de vel (rekommandert som er inkludert, eller ekspress over natta som kjem i tillegg). For dei som bur i Oslo går det an å levere dokumenta hos Visumservice. Vi vil anbefale at de søker om visum i god tid før avreise.

For å søkje om visum via Visumservice fyller de ut skjemaene som er vedlagt eposten saman med dette brevet. Her treng de å fylle ut innreise- og utreisedato og byar de skal besøke.

### **Turane til Moskva og St. Petersburg:**

**Byar:** St. Petersburg og Moskva

Type visum er turistvisum.

Når de skal velge returfrakt må de vere merksame på at det kun er første punktet som er inkludert i prisen (rekommandert sending kr 200,-), ekspress over natten kjem i tillegg til prisen.

Med kontaktperson (ved utfylling av skjemaet) meinast ein av dykk som fyller ut skjemaet.

Saman med underskriven søknad må de legge ved **pass og to passfoto**. I tillegg må de sende **kopi av gyldig heilårs reiseforsikring** som gjeld heile verda.

*Med venleg helsing oss i Fotefar temareiser!*